



ARTEC AS  
Damsgårdsvæien 135  
5160 LAKSEVÅG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Ingrid Torsnes, 5557 2320

## Vedtak om endra løyve til graving i forureina grunn - Storebotn 88 - lokalitet 17518 - Askøy kommune

---

**Statsforvaltaren endrar løyvet til Artec AS til graving i forureina grunn som omtalt i revidert tiltaksplan datert 26. april 2024. Løyvet gjeld frå i dag til 31. desember 2024. Løyvet føreset at gravinga vert gjennomført som omtalt i tiltaksplanen, i tillegg til særskilte vilkår for vedtaket.**

---

Vi viser til søknad om endra løyve til graving i forureina grunn av 2. mai 2024.

### 1 Vedtak

Statsforvaltaren i Vestland endrar Artec AS sitt løyve til graving i forureina grunn på lokalitet 17518 Storebotn 88, jf. registrering i databasen Grunnforurensning. Vilkår for graving i forureina grunn ligg som vedlegg. Endringane i løyvet gjeld frå dags dato.

Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16 og endra med heimel i § 18 første ledd nummer 5.

### Varsel om saksbehandlingsgebyr

Verksemda skal betale gebyr for vårt arbeid med løyver, jf. forureiningsforskrifta kapittel 39. Grunnlaget for val av gebyrstas er vår ressursbruk ved behandling av søknaden. I denne saka har vi valt gebyrsats 8 som er 11 600 kroner, jf. forureiningsforskrifta § 39-4.

Kommentar til varselet om gebyr kan sendast oss innan to veker etter at dette brevet er motteke.

### 2 Kort om bakgrunn for saka

Artec AS fekk 27. april 2023 løyve til graving i forureina grunn på lokalitet 17518 Storebotn 88. Under arbeidet med fjerning av forureina blåsesand kom det fram at omfanget av forureina massar var større enn opphavelag antatt. Figur 2-2 i revidert tiltaksplan viser kartlagt utbreiing av forureina masse. Det er òg avdekka forureina massar under ein nettstasjon. Dette har medført at Artec AS søker om endring av løyvet til graving i forureina grunn.



Det går fram av den reviderte tiltaksplanen at blåsesanden skal fjernast der det er mogeleg. Forureina masse under nettstasjonen er kostbar å fjerne. Det er utført ei risikovurdering med omsyn til helse og spreining av forureining til omgjevnadane ved å la blåsesanden bli liggande under nettstasjonen. Tiltakshavar søkjer om at desse massane blir liggande.

## 2.1 Rettsleg utgangspunkt

### Forureiningslova

Når Statsforvaltaren vurderer om det skal gjevast løyve til forureinande verksemd, og eventuelt på kva vilkår, skal vi leggje vekt på forureiningsulempene ved tiltaket haldne saman med fordelar og ulemper tiltaket elles vil kunne føre til jf. forureiningslova § 11 siste ledd. I vurderinga vil vi særleg sjå på i kva grad verksemda det er søkt om løyve til er akseptabel sett i lys av føremål og retningslinjer i §§ 1 og 2 i forureiningslova.

### Naturmangfaldlova

Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 i naturmangfaldlova skal ligge til grunn for korleis Statsforvaltaren utøver mynde. Vidare skal prinsippa i §§ 8 til 12 om mellom anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-tilnærming og samla belastning leggjast til grunn som retningslinjer når Statsforvaltaren tek avgjerder som kan få følgjer for naturmangfaldet.

### Vassforskrifta

Vassforskrifta inneheld forpliktande miljømål om at styresmaktene skal sjå til at alle vassførekomstar oppnår god kjemisk og økologisk tilstand innan 2027 med mindre det er gitt unntak med heimel i § 9 eller § 10 i forskrifta.

### Nasjonalt prioriterte stoff

Statsforvaltaren har eit mål om at utslepp av nasjonalt prioriterte stoff kontinuerleg blir reduserte, slik at slike utslepp på sikt blir stansa.

## 3 Statsforvaltarens vurdering og grunngeving

Statsforvaltaren har vurdert den reviderte tiltaksplanen og stiller krav om at graving og disponering av massar blir gjennomført i samsvar med tiltaksplanen og vilkår stilt i vedlegg 1.

Det går fram av tiltaksplanen at der det er mogeleg å fjerne blåsesanden, så vil dette bli gjort. Det er utført ein risikovurdering av helse og spreining av forureining dersom forureina masse blir liggande under nettstasjonen. Området under nettstasjonen er 3 x 6 meter og massane vil vere dekkja av nettstasjonen. Risikovurderinga viser at miljømåla for tiltaket vil vere oppfylt sjølv om ein lar desse massane ligge. Statsforvaltaren vurderer at risikovurdering er tilfredsstillande og godkjenner at massane blir liggande under nettstasjonen på noverande tidspunkt. Dersom nettstasjonen blir fjerna eller det skal utførast grunnarbeid seinare der nettstasjonen står i dag, må forureiningsmyndigheita kontaktast.

Statsforvaltaren vurderer at gravearbeidet ikkje vil ha negativ påverknad på naturmangfaldet. Vi har difor ikkje vurdert dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldlova.

Statsforvaltaren har konkludert med at endringa er akseptabel sett i lys av forureiningslovas formål og retningslinjer i §§ 1 og 2. Etter ein samla vurdering av dei forureiningsmessige ulempene ved



endringa jamført med fordelar og ulemper endringa elles vil medføre, gir vi løyve til endinga på nærare fastsette vilkår.

#### **4 Saksgang**

Statsforvaltaren i Vestland behandlar søknader i samsvar med forureiningsforskrifta kapittel 36 om behandling av løyver etter forureiningslova. Saka er førehandsvarsla i samband med saksbehandling av opphавеleg søknad, jf. forureiningsforskrifta § 36-6. Vi vurderer at endringa av løyvet vil vere av mindre miljømessig betydning, og førehandsvarsel etter § 36-7 er dermed unntatt, jf. forureiningsforskrifta § 36-9 andre ledd bokstav b.

#### **5 Klagerett**

Tiltakshavar og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket. Ein eventuell klage bør innehalde ei grunngjeving og kva de ønskjer å endre. I tillegg skal andre opplysningar som kan ha noko å seie for saka, kome fram.

Klagefristen er tre veker frå dette brevet er motteke. Ein eventuell klage skal adresserast til Miljødirektoratet og sendast til Statsforvaltaren.

Med helsing

Sissel Storebø  
seksjonsleiar

Ingrid Torsnes  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg 1: Reviderte vilkår for løyve til graving

Vedlegg 2: Revidert tiltaksplan

Vedlegg 3: Opphавеleg løyve av 27. april 2023

Kopi til:

ASKØY KOMMUNE

Klampavikvegen 1

5300

KLEPPESTØ



## Vedlegg 1- Reviderte vilkår for løyve til graving i forureina grunn på lokalitet 17518 Storebotn 88

### 1 Ramme for løyvet

Løyvet omfattar følgjande tiltak på og i grunnen på forureina lokalitet 17518 Storebotn 88 i Askøy kommune:

- Fjerne og levere forureina masse til godkjent sluttdisponering frå tiltaksområdet vist i figur 2-2 i revidert tiltaksplan av 26. april 2024. Arbeidet skal utførast i samsvar med vilkår i punkt 2, 3, 4 og 6
- Mellomlagre forureina masse på tiltaksområdet som skildra i punkt 5
- Oppdatere Grunnforurensningsdatabasen med utvida tiltaksområde og importere analysedata, jf. punkt 7

### 2 Generelt

All graving og disponering av masse skal gjennomførast av eller under oppsyn av representant for ansvarleg tiltakshavar Artec AS. Tiltakshavar er ansvarleg for alt arbeid og skal følgje opp eventuelle andre aktørar som skal gjennomføre praktiske tiltak. Tiltakshavar skal syte for at andre aktørar er særskilt merksam på forureininga i grunnen, og kva for rutinar/krav som må følgast.

Miljøteknisk rådgjevar / miljøgeolog skal delta i oppstartmøte med utførande entreprenør. Ved oppstart og avslutting av gravearbeid skal miljøteknisk rådgjevar vere til stades for å sikre rett handtering av forureina masse. Miljøteknisk rådgjevar må også vere til stades under arbeidet for ev. ytterlegare prøvetaking og om det er tvil om utstrekning av forureininga.

### 3 Framande skadelege artar

Tiltakshavar skal før arbeidet startar ha oversikt over eventuelle førekomstar av framande, skadelege artar som omtalt på [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no). Tiltaket skal ikkje kunne føre til spreiding eller ny etablering av slike artar på eller nær tiltaksområdet.

### 4 Graving

Areal der det skjer graving eller der ålmenta kan kome i kontakt med forureining skal vere sperra av. Eventuelt overflatevatn skal avskjerast før graving startar.

Graving i forureina massar må skje slik at det ikkje fører til spreiding ut over tiltaksområdet eller til del av tiltaksområde med lågare påverknadsgrad. Forureina massar må ikkje blandast med reine massar. Reine massar er masse med forureiningsnivå under normverdiane i vedlegg 1 i kap. 2 i forureiningsforskrifta.

Eventuelt avfall som kjem fram under graving skal sorterast frå og leverast til godkjent avfallsmottak.

Dersom massar med ulik tilstandsklasse vert blanda, må all sams masse handterast som høgaste tilstandsklasse.

Dersom det under graving vert påvist masse som er forureina på annan måte eller ut over det som allereie er påvist, skal arbeidet stansast inntil fagperson / kompetent firma har vurdert situasjonen og vurdert nødvendige tiltak. Statsforvaltaren skal underrettast seinast neste virkedag.



Graving skal skje på tørre massar. Oppgraving av forureina masse under fritt vasspegel kan unntaksvis skje der regulering av vassnivå ikkje kan skje utan etter omfattande og svært kostbare tiltak. Forureina vatn frå lensepumpe kan leiast til kommunalt avløpsnett dersom det ligg føre på sleppsavtale med kommunen. Dersom eige reinseanlegg vert nytta, skal omtale av anlegget sendast til Statsforvaltaren før oppstart. Rapport om reinseeffekt og kvalitet på avløpsvatnet skal leggest ved sluttrapporten.

## 5 Lagring av masse

Ikkje-organiske partiklar større enn 25 mm utan synleg belegg reknast som ikkje-forureina, og kan sorterast frå og nyttast alle stader til utfyllingsføremål i samsvar med § 32 i forureiningslova. Eventuell fråsortering må skje på areal innafor eigedomen.

Lagring av forureina masse med utlekkingspotensial skal skje på fast dekke, eller på køyrebestandig og tett duk. Lageret skal sikrast mot inntrenging av overflatevatn. Massane må dekkast til ved nedbør eller ved fare for vindflukt. Eventuelt sigevatn frå lagra massar skal anten resirkulerast, infiltrerast i næraste eigna område med minst like høgt forureiningsnivå med same stoff, leiast til kommunalt nett (dersom avtale) eller lokalt reinseanlegg konstruert for type forureining.

Dersom det er behov for mellombels lagring av forureina masse, må all lagring skje innafor verksemda sitt område.

## 6 Disponering av overskotsmassar

Forureina masse skal leverast til godkjent avfallsmottak så snart som råd og innan tidsrommet løyvet er gyldig.

Massar utan eller med forureining under normverdi (jf. vedlegg 1 til kap. 2 i forureiningsforskrifta) - og utan fare for innhald av framande, skadelege artar, kan gjenvinnast til utfyllingsføremål i samsvar med § 32 i forureiningslova.

Masse som er klassifisert som farleg avfall (jf. kap. 11 i avfallsforskrifta) skal leverast til godkjent avfallsmottak så snart som råd etter oppgraving.

## 7 Oppdatering av databasen Grunnforurensning

Tiltakshavar ska syte for at databasen Grunnforurensning er oppdatert for lokaliteten "17518 Storebotn 88". Analysedata for kvart prøvepunkt skal importerast til databasen, og sendast til Statsforvaltaren for godkjenning. Når tiltaket er gjennomført skal data oppdaterast i databasen og datasettet frå den miljøtekniske rapporten før tiltaket setjast til "historisk".

Tiltakshavar skal syte for at forureina masse under nettstasjonen som blir liggande blir registrert i databasen.

## 8 Sluttrapport

Løyvehavar skal utarbeide ein sluttrapport frå gravearbeidet som skal sendast til Statsforvaltaren innan seks månader etter at anleggsarbeidet er avslutta. Rapporten skal oppsummere anleggsarbeida, og minimum omtale:

- Oppsummering av gjennomførte tiltak, resultat som er nådd og eventuelle avvik frå planlagt arbeid
- Resultat frå prøvar skal leggest ved
- Disponering av forureina masse skal skildrast



- Eventuell levering til godkjent mottak skal vere dokumentert
- Kart over areal med attverande masse over normverdi skal leggest ved og registrerast i Grunnforurensning